



## IDRETTSGLEDE - TROSGLEDE - LIVSGLEDE

Kristen Idrettskontakt (KRIK) samler barn og unge til idrett, vennskap og kristen tro over hele Norge. Med fokus på Jesus og idrett skaper vi fellesskap der mennesker blir sett og verdsatt, på tvers av ferdighetsnivå, bakgrunn og kirketilhørighet. Vårt arbeid består av over 30 store leirer og 300 aktive lokallag. Med visjonen idrettsglede, trosglede og livsglede jobber vi for å nå bredt ut blant de unge. Vi er veldig takknemlige til alle støttespillere, givere, kirker og forbedere som gjør KRIK mulig.

Etter pandemien har vi i KRIK opplevd stor vekst. Flere og flere unge mennesker ønsker å reise på kristen leir. I løpet av sommeren 2025 har rundt 6500 barn, ungdom og voksne deltatt på KRIK-leir. Over 1000 unge frivillige ledere har gitt av sin tid og engasjement, fordi de brenner for KRIK og for å dele evangeliet om Jesus Kristus. KRIK har også et stort og voksende studentarbeid i alle studentbyer i Norge. Vi ønsker å være trygge, inkluderende fellesskap og jobbe mot den stadig voksende ensomheten blant studenter.

KRIK ønsker å samarbeide tett med menigheter over hele Norge og være et redskap for kirken nasjonalt og lokalt. For mange blir KRIK en inngangsport til kristen tro, og vi ønsker å fungere som en utfyllende og styrkende organisasjon til kirkens arbeid i den lokale menighet.

Opplevelser fra leir skal kunne tas med i hverdagen gjennom lokallag og ungdomsarbeid i kirken. En av våre store satsninger er konfirmantleirer i samarbeid med menigheter i Den norske kirke. Her samler vi årlig ca. 2000 konfirmanter. Mange menigheter har erfart hva en slik stor leir kan gi ungdommene, og vi har nå ventelister for å være med.

Med deres hjelp håper vi å kunne lage leir og fortelle om Jesus til enda flere ungdommer det neste året. Vi setter stor pris på om dere vil være med å be for oss, og vi er også svært glade for gaver til KRIK. Kollekt og givertjeneste er en bærebjelke for vår økonomi og er avgjørende for vårt arbeid. Med deres bidrag kan vi spre idrettsglede, trosglede og livsglede til enda flere!

Med vennlig hilsen

Vegard Husby  
Generalsekretær i KRIK

**Til kunngjøringen**

I dag går takkofferet til KRIK, Kristen Idrettskontakt. KRIK samler barn og unge til leir og lokallag hvor aktivitet, tro og fellesskap står i fokus. KRIK når bredt ut og er for mange unge en inngangsport til kristent fellesskap. Mer enn 1000 frivillige ledere bidrar med sitt engasjement til å skape et trygt, rusfritt og positivt miljø der prestasjon kan legges til side og der den enkelte blir sett for den man er.

KRIK arrangerer årlig leirer for mer enn 9000 mennesker og de har 300 lokallag rundt i Norge. KRIK samarbeider tett med lokale menigheter om ungdomsarbeid, konfirmanter og studenter i hele Norge.

Din gave hjelper KRIK med å nå ut til enda flere ungdommer. Tusen takk for din gave!

**Til forbønnsdelen**

Herre, vi takker deg kroppen vår, for aktivitet, fellesskap og glede. I dag ber vi spesielt for KRIK som samler ungdommer rundt i hele Norge til idrett, vennskap og troen på deg. Vi ber for alle frivillige medarbeidere, for leirer og lokallag. Må KRIK få skape verdifulle og livsforvandlernde fellesskap for barn og unge. Må vi sammen få være frimodige vitner om din trofaste kjærighet, og må KRIK få være en budbærer om din fred. Amen

**Offergaver kan betales inn til kontonr. 3000.17.12256**

Foto: KRIK Media, Frede Gravdal - KRIK ARENA 2025

**KRIK**

KRIK, Kristen Idrettskontakt  
Postboks 3822, Ullevål Stadion  
0805 OSLO  
Org.nr. 970 534 490



## IDRETTSGLEDE - TRUSGLEDE - LIVSGLEDE

Kristen Idrettskontakt (KRIK) samlar barn og unge til idrett, venskap og kristen tru over heile Noreg. Med fokus på Jesus og idrett skaper vi fellesskap der menneske blir sette og verdsette, på tvers av ferdigheitsnivå, bakgrunn og kyrkjetilhøyrse. Arbeidet vårt består av over 30 store leirar og 300 aktive lokallag. Med visjonen *idrettsglede, trusglede og livsglede* jobbar vi for å nå breitt ut blant dei unge. Vi er svært takksame for alle støttespelarar, givarar, kyrkjer og forbederar som gjer KRIK mogleg.

Etter pandemien har vi i KRIK opplevd stor vekst. Fleire og fleire unge ynskjer å reise på kristen leir. I løpet av sommaren 2025 har rundt 6500 barn, ungdomar og vaksne deltatt på KRIK-leir. Over 1000 unge frivillige leiarar har gitt av si tid og sitt engasjement, fordi dei brenn for KRIK og for å dele evangeliet om Jesus Kristus. KRIK har òg eit stort og veksande studentarbeid i alle studentbyane i Noreg. Vi ynskjer å vere trygge, inkluderande fellesskap og jobbe mot den stadig aukande einsemda blant studentar.

KRIK ynskjer å samarbeide tett med kyrkjelydar over heile Noreg og vere eit reiskap for kyrkja nasjonalt og lokalt. For mange blir KRIK ein inngangsport til kristen tru, og vi ynskjer å fungere som ein utfyllande og styrkjande organisasjon til kyrkja sitt arbeid i den lokale kyrkjelyden.

Opplevingar frå leir skal kunne takast med inn i kvardagen gjennom lokallag og ungdomsarbeid i kyrkja. Ei av våre store satsingar er konfirmantleirar i samarbeid med kyrkjelydar i Den norske kyrkja. Her samlar vi årleg om lag 2000 konfirmantar. Mange kyrkjelydar har erfart kva ein slik stor leir kan gje ungdommane, og vi har no ventelister for å vere med.

Med dykkar hjelp håpar vi å kunne lage leir og fortelje om Jesus til endå fleire ungdomar det neste året. Vi set stor pris på om de vil vere med og be for oss, og vi er òg svært glade for gåver til KRIK. Kollektar og givarteneste er ein berebjelke i økonomien vår og er avgjerande for arbeidet vårt. Med dykkar bidrag kan vi spreie idrettsglede, trusglede og livsglede til endå fleire!

Med venleg helsing

Vegard Husby  
Generalsekretær i KRIK

## Til kunngjeringa

I dag går takkofferet til KRIK – Kristen Idrettskontakt. KRIK samlar barn og unge til leir og lokallag der aktivitet, tru og fellesskap står i sentrum. KRIK når breitt ut og er for mange unge ein inngangsport til kristent fellesskap. Meir enn 1000 frivillige leiarar bidreg med sitt engasjement for å skape eit trygt, rusfritt og positivt miljø, der prestasjon kan leggjast til side og kvar enkelt blir sett for den ein er.

KRIK arrangerer årleg leirar for over 9000 menneske og har 300 lokallag rundt om i Noreg. KRIK samarbeider tett med lokale kyrkjelydar om ungdomsarbeid, konfirmantar og studentar over heile landet.

Gåva di hjelper KRIK med å nå ut til endå fleire ungdomar. Tusen takk for gåva!

## Til forbønsdelen

Herre, vi takkar deg for kroppen vår – for aktivitet, fellesskap og glede. I dag ber vi spesielt for KRIK, som samlar ungdomar over heile Noreg til idrett, venskap og trua på deg. Vi ber for alle frivillige medarbeidarar, for leirar og lokallag. Må KRIK få skape verdifulle og livsforvandlande fellesskap for barn og unge. Må vi saman få vere frimodige vitne om di trufaste kjærleik, og må KRIK få vere ein bodberar om din fred. Amen.

**Offergåver kan betalast inn til kontonr. 3000.17.12256**

Foto: KRIK Media, Frede Gravdal - KRIK ARENA 2025



**KRIK**

KRIK. Kristen Idrettskontakt  
Postboks 3822, Ullevål Stadion  
0805 OSLO  
Org.nr. 970 534 490